

Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

RØLDAL BARNEHAGE



Vurderingstema:
Personalet har ei aktiv rolle i borna sin medverknad

Røldal barnehage
Styrar: Gjertrud Jøsendal Tvedt,

Tlf : 53 65 42 07
roldal.barnehage@odda.kommune.no

7. – 10. mars 2011

Innholdsliste

| | |
|--|----|
| 1 Føreord..... | 3 |
| 1.1 Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling | 3 |
| 1.2 Kven vurderar? | 4 |
| 1.3 Fasar i vurderingsarbeidet | 4 |
| 1.4 Mål | 4 |
| 1.5 Rapporten | 4 |
| 1.6 Barnehagevurdering | 5 |
| 2. Fakta om barnehagen..... | 5 |
| 3. Vurderingstema | 5 |
| 4. Glansbilde | 6 |
| 5. Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet | 7 |
| 6. Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet..... | 10 |
| Elles vil me berre sei..... | 13 |
| 7. Vidare arbeid | 13 |
| Vedlegg 1 - Deltakarar i vurderinga..... | 14 |
| Vedlegg 2 - Tidsbruk | 14 |
| Vedlegg 3 - Tidsplan | 15 |
| TIDSPLAN - prosessen før vurderingsveka | 15 |
| TIDSPLAN under vurderingsveka av Røldal barnehage, Odda | 16 |
| Vedlegg 4 – Metodar | 17 |
| Dokument- og resultatanalyse | 17 |
| Kriterium og teikn på god praksis..... | 17 |
| Førebu barna | 17 |
| Samtaleguidar | 17 |
| Møte med føresette | 18 |
| Møte med styrar | 18 |
| Observasjon | 18 |
| Vedlegg 5 | 19 |
| Dette sa barna | 19 |
| Vedlegg 6 | 22 |
| Dette sa foreldra: | 22 |
| Vedlegg 7 | 23 |
| Dette sa dei tilsette..... | 23 |
| Vedlegg 8 – Observasjonar | 26 |

1 Føreord

1.1 Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt for skulane: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der og oppmoding om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Gruppa utvikla metodikken som vert kalla "*Hardanger/Voss vurderingsmetodikk*".

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarende vurderingsprogram for barnehagar, vart det sett i gang eit prosjekt med å tilpassa vurderingsverktøyet for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehage kap. 4.3. vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "*Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen.*"

Vidare: "*Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon.*"

Skule- og barnehageansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn

1.2 Kven vurderar?

Vurderingsgruppa er sett saman av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurderer dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6 år. Ekstern vurdering er og eit tilbod til dei private barnehagane. Ingen vurderer barnehage i eigen kommune.

1.3 Fasar i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Arbeidet med ståstadsanalyse og ekstern vurdering må forankrast i personalgruppa og hjå barnehageeigar
- Barnehagen sender resultatata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderarane førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verkty vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på
- Sjølve vurderinga vert gjennomført

- Etterarbeid, lokalt utviklingsarbeid for barnehagen.

1.4 Mål

Auka kvaliteten i barnehagen med fokus på barnet sitt beste

1.5 Rapporten

Vurderarane har skrive rapporten om resultatet av vurderinga på bakgrunn av dokumentasjonsanalyse, intervju med barn og personalet, møte med føresette og observasjon i barnehagen. Rapporten peikar på barnehagen sine sterke sider, og kva utviklingsområde barnehagen har. Rapporten gir også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval og verkty.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilde av barnehagen, men er eit bidrag til kva barnehagen skal arbeida vidare med innan det fokusområdet som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vore nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet som barnehagen gjennomfører årleg.

1.6 Barnehagevurdering



2. Fakta om barnehagen

Røldal barnehage ligg i Røldal i Odda kommune. Den vart opna i 1985. Det er ein 2 avdelings barnehage. Avdelingane heiter Jasen og Jupø, med til saman 25 barn i alderen 1- 6 år. Bemanninga er på 6,8 årsverk. Barnehagen er open kvar dag frå kl. 6.45 – kl. 16.00.

Barnehagen ligg i kjellaren på Røldal grendehus. Her flytta barnehagen inn i 1987.

Barnehagen har eit stort uteområde med rik tilgang på natur. Sjølve leikeplassen som er inngjerda er ikkje så stor, men dei nyttar seg av området rundt til alle årstider. Dei har også tilgang på gymnastikksal. Kvar avdeling har faste tur dagar tilpassa meistringsnivået til borna. Vinterstid er det fine akebakkar og skiløyper ved barnehagen.

3. Vurderingstema

Røldal barnehage har bede om vurdering på følgjande tema:

Personalet har ei aktiv rolle i borna sin medverknad

Dette har personalet kome fram til etter å ha teke ståstadsanalysen. Denne drøfta dei i personalgruppa, og saman kom dei fram til at det var dette vil ville verta vurderte på. Eigar har ikkje gitt føringar for val av tema.



4. Glansbilde

Tema:


Personalet har ei aktiv rolle i borna sin medverknad

| Kriterium | Teikn på god praksis |
|--|---|
| <p>Personalet: Personalet legg aktivt til rette for at borna får medverka i kvardagen</p> <p><i>Personalet let borna sine val og handlingar påverka kvardagen i barnehagen (Rammeplanen)</i></p> | <ul style="list-style-type: none">❖ Personalet lyttar aktivt og støttar borna når dei fortel❖ Personalet tek imot borna sine uttrykk for kjensler med openheit og respekt❖ Det fysiske miljøet inne og ute fremmar borna sin medverknad med variert og lett tilgjengeleg utstyr og materiell❖ Borna sine uttrykk og initiativ syner att i personalet sine planar |
| <p>Borna: Borna erfarar at vala og handlingane deira påverkar kvardagen i barnehagen</p> <p><i>Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagen si daglege verksemd. Born skal jamleg få høve til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd. Barnet skal leggjast vekt på i samsvar med alder og modning. (Lov om bhg. § 3)</i></p> | <ul style="list-style-type: none">❖ Borna fortel om det dei gjer i barnehagen❖ Borna hjelper til og har ansvar ut frå alder❖ Borna tek del i planlegging og vurdering saman med dei vaksne❖ Borna kan på ulike måtar velja aktivitetar❖ Borna sine kreative uttrykk vert verdsette og synleggjorte |
| <p>Foreldra: Foreldra er trygge på at borna deira vert sett og respekterte, og at dei får delta i ein fellesskap som gjer dei godt. (Rammeplanen, s. 15)</p> | <ul style="list-style-type: none">❖ Foreldra vert involverte i barnehagen sitt pedagogiske arbeid❖ Foreldra kjenner til korleis borna får medverka i barnehagen❖ Foreldra snakkar med borna sine om korleis borna får medverka i barnehagen❖ Foreldra ser at det er samsvar mellom barnehagen sine planar om medverknad og det som skjer i praksis |
| <p>Organisasjonen: Barnehagen er ein lærande organisasjon</p> <p><i>"Ein lærande organisasjon er ein organisasjon som er god til å skapa, tileigna seg og overføra/formidla kunnskap, og til å forandra si åtferd slik at den reflekterer ny kunnskap og innsikt." Garvin</i> Årsplan for Røldal barnehage 2010-2011</p> | <ul style="list-style-type: none">❖ Personalet brukar tid på å bevisstgjera og diskutera ulike syn på born og læring/utvikling❖ Personalet drøftar på kva område det er relevant at borna skal ha medverknad❖ Personalet reflekterer over retten til individuelle val og fellesskapet sine behov❖ Personalet har system for at alle borna får medverka❖ Personalet har høve til å drøfta medverknad i større fora saman med personalet i andre barnehagar |

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Kriterium og teikn på god praksis er henta frå Lov om barnehage, Rammeplan for barnehagen, og temahefte til rammeplanen om barns medverknad i barnehagen.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med informasjon som er samla inn om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarparet og godkjende av barnehagen.



5. Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Kriterium 1: **Personalet:**

Personalet legg aktivt til rette for at borna får medverka i kvardagen

Personalet let borna sine val og handlingar påverka kvardagen i barnehagen(Rammeplanen)

❖ **Personalet lyttar aktivt og støttar borna når dei fortel**

Det har me sett, høyrte og observert.

Me såg det fyrst då me var med på barnemøte på stor avdeling. Me såg det heile tida i samhandling mellom vaksne og born.

❖ **Personalet tek imot borna sine uttrykk for kjensler med openheit og respekt**

Det såg me i samhandling i løpet av heile dagen. Det var også ei uttalt og bevisst haldning i personalgruppa. "Viss me vert trøytt og kvalme, kan me leggja oss på sofaen, dei høyrer på oss" Dette vert understreka i intervju med fleire born.

❖ **Det fysiske miljøet inne og ute fremmar borna sin medverknad med variert og lett tilgjengeleg utstyr og materiell**

Personalet prøver gjennomgåande å tilretteleggja det fysiske miljøet slik at borna kan finna leiker og utstyr på eiga hand. Av omsyn til borna si sikkerheit, har dei ein del formingsmateriale utanfor borna si rekkevidde. Det er likevel tilgjengeleg. "Eg kan sei kva eg vil ha som eg ikkje rekk opp til"

❖ **Borna sine uttrykk og initiativ syner att i personalet sine planar**

Det vert gjennomført barnemøte på begge avdelingane måndagar. Referat frå møta vert teke opp på avdelingsmøte i etterkan, og nytta som utgangspunkt for planar og vidare arbeid i barnegruppene.

Planlagde tema vert sett til sides for å få plass til det som rører seg i barnegruppa.

Personalet gir rom for borna sine tema, fyller på og utvidar desse til å omfatta fleire fagområde i Rammeplanen.

Konklusjon:

Gjennomgåande opplever me at personalet har ei støttande og imøtekommande haldning til borna. Dei tek borna sine initiativ på alvor, og brukar innspela til å utvikla det pedagogiske arbeidet i barnehagen. *Danning og medverknad kan bli sett på som gjensidige prosessar. Slik kan barnet få eit positivt forhold til seg sjølv og si eiga læring. Rammeplanen s. 23*

Kriterium 2: **Borna**

Borna erfarar at vala og handlingane deira påverkar kvardagen i barnehagen

Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagen si daglege verksemd. Born skal jamleg få høve til aktiv deltaking i aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd. Barnet skal leggjast vekt på i samsvar med alder og modning. (Lov om bhg. § 3)

❖ Borna fortel om det dei gjer i barnehagen

Vurderarane opplever det i stor grad under intervju med born
Borna fortel mykje om det dei har som prosjekt i barnehagen. Personalet opplever at barnemøta har ført til at borna i større grad enn tidlegare formidlar eigne meininger.

❖ Borna hjelper til og har ansvar ut frå alder

Borna har det og gjer det på ein del område. Etter prosjekt om vennskap, vart det forsterka. Borna fortel at dei dekkar på bordet og at dei legg matboksen i korga. Dei hjelper seg sjølve og dei som er mindre ved påkledning.

❖ Borna tek del i planlegging og vurdering saman med dei vaksne

I intervju seier borna at dei får vera med og bestemma og planleggja i barnemøte. "Det kan henda me får til det me bestemmer. Det kan henda me ikkje får det til"
Borna har eit balansert syn på at dei og dei vaksne bestemmer litt kvar. Borna verkar fortrulege og tilfredse med denne fordelinga. *For at borna skal kunna medverka, må det vera god kommunikasjon mellom borna og personalet. Rammeplanen s. 14*

❖ Borna kan på ulike måtar velja aktivitetar

Me har sett og blitt fortalt i intervju at borna frå begge avdelingane fritt kan velja og gå til Storarommet og vera i leik og aktivitetar knytt til temaarbeid og prosjekt. Det er med personale frå begge avdelingane. Borna seier "Når me ikkje vil, bestemmer dei vaksne at me ikkje skal det, då kan me leika med bilar, lego og togbane".

❖ Borna sine kreative uttrykk vert verdsette og synleggjorte

Dette ser me i rikt monn på begge avdelingane. Me ser ein medviten bruk av veggflater, og bord til utstillingar av det borna lagar, har gjort og er opptekne av. Både born og personale tek del i og viser engasjement i kreative prosessar.

Konklusjon:

Konklusjonen er som kriteriet: Borna erfarar verkeleg at vala og handlingane deira påverkar kvardagen i barnehagen.

Kriterium 3 **Foreldra:**

Foreldra er trygge på at borna deira vert sett og respekterte, og at dei får delta i ein fellesskap som gjer dei godt. (Rammeplanen, s. 15)

❖ Foreldra kjenner til korleis borna får medverka i barnehagen

Foreldra kjenner til korleis borna medverkar i prosjekt Sabeltann. Dei kjenner til barnemøte og kan lesa på tavlene. Dei fekk veldig god informasjon om medverknad på foreldremøte. Foreldra sette pris på at presentasjonen var knytt til teori og Rammepleanen. Det ynskjer dei meir av.

❖ **Foreldra ser at det er samsvar mellom barnehagen sine planar om medverknad og det som skjer i praksis**

Ja, det gjer dei, og syner til barnemøta, halvårsplanar og månadsbrev, og ikkje minst presentasjonen på foreldremøtet.

Kriterium 4: **Organisasjonen**

Barnehagen er ein lærande organisasjon

"Ein lærande organisasjon er ein organisasjon som er god til å skapa, tileigna seg og overføra/formidla kunnskap, og til å forandra si åtferd slik at den reflekterer ny kunnskap og innsikt." Garvin. Årsplan for Røldal barnehage 2010-2011

❖ **Personalet brukar tid på å bevisstgjera og diskutera ulike syn på born og læring/utvikling**

Dette har dei drøfta noko innanfor området medverknad, språk og støttetiltak til born

❖ **Personalet drøftar på kva område det er relevant at borna skal ha medverknad**

Dei har drøfta det mykje i personalgruppa, vore på kurs, og dei har innført gode rutinar i det daglege. Personalet viser tydeleg ei grunnleggjande forståing for kva medverknad inneber i ein barnehage.

❖ **Personalet reflekterer over retten til individuelle val og fellesskapet sine behov**

Personalet reflekterer over det i dagleg praksis, og finn gode løysingar for i størst mogleg grad å ta vare på individet og sjå det enkelte barn. Samtidig les me ut frå barneintervjua at dei kjenner seg ivaretekne, men har og ei tydeleg gruppetilhøyring og nemner ofte vennskap. *Barn må erfare tydelege og ansvarsfulle vaksne som tek omsyn til heile gruppa. Rammepleanen s. 14*

❖ **Personalet har system for at alle borna får medverka**

Dei har lister der dei sjekkar undervegs om alle borna får delta i det dei ynskjer og får ytra seg på ulike måtar i barnemøte.

Konklusjon:

Me opplever eit aktivt og engasjert personale som er tydeleg på at dei lærer og erfarar nytt. Og at dette viser att i endra praksis.



6. Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Kriterium 1: **Personalet:**

Personalet legg aktivt til rette for at borna får medverka i kvardagen

Personalet let borna sine val og handlingar påverka kvardagen i barnehagen(Rammeplanen)

❖ **Det fysiske miljøet inne og ute fremmar borna sin medverknad med variert og lett tilgjengeleg utstyr og materiell**

Personalet opplever at det er ulik praksis og ulike syn på korleis leiker, og særleg formingsmateriell skal plasserast i høve borna. Dei bør drøfta kva borna til ei kvar tid skal ha tilgjenge til, om noko skal varierast og korleis dei kan organisera lager og oppbevaringsplassar.

Assistentgruppa gav uttrykk for at det burde vore betre rutiner for rydding, særleg ute

Kriterium 2: **Borna**

Borna erfarar at vala og handlingane deira påverkar kvardagen i barnehagen

Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagen si daglege verksemd. Born skal jamleg få høve til aktiv deltaking i aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd. Barnet skal leggjast vekt på i samsvar med alder og modning. (Lov om bhg. § 3)

❖ **Borna fortel om det dei gjer i barnehagen**

Både foreldra og personalet seier at borna ikkje gjer det så mykje. Foreldra seier de treng å vita kva borna har opplevd for å få dei på gli. Personalet peikar på tid til det i den travle kvardagen. Dei veit heller ikkje heilt korleis dei stille gode spørsmål. eller som ei sa: "Eg veit ikkje heilt om eg trykkjer på rette knappen"

Personalet bør få meir kunnskap om dette.

❖ **Borna hjelper til og har ansvar ut frå alder**

I barneintervjua fortel fleire av borna at dei likar å hjelpa dei vaksne med deira oppgåver, t.d henta ting frå lageret og leggja på plass klutar m.m.

Dette bør personalet ta tak i. Slik kan borna få forståing av at deira innsats er viktig og betyr noko i fellesskapet. Dei får medverka.

❖ **Borna tek del i planlegging og vurdering saman med dei vaksne**

Vurderarane såg i referatet at borna har teke del i vurdering i barnemøte. Personalet fortel i intervju at dei gjer ein del vurdering saman med borna i kvardagssamtalen og "småevalueringar" undervegs. Personalet gir uttrykk for at dei er betre på planlegging enn vurdering, men at dei vil arbeida meir med vurdering. Personalet må reflektera og drøfta korleis dei best kan få fram borna sine synspunkt og vurderingar.

❖ **Borna kan på ulike måtar velja aktivitetar**

Sjølv om borna i stor grad får velja aktivitetar, er utfordringa for personalet likevel å reflektera over korleis ein systematisk sikrar at borna over tid får eit variert tilbod på aktivitetar og materiell.

Kriterium 3 **Foreldra:**

Foreldra er trygge på at borna deira vert sett og respekterte, og at dei får delta i ein fellesskap som gjer dei godt. (Rammeplanen, s. 15)

❖ **Foreldra vert involverte i barnehagen sitt pedagogiske arbeid**

Foreldre og personale har ulik oppleving av i kva grad foreldra vert invitert og involvert i det pedagogiske arbeidet. Dette kom fram i foreldremøte og i intervju med personalet.

"Blir ikkje bedt om å koma med innspel" "Vert inviterte på foreldremøte om våren om forslag til neste år"

Barnehagen må saman med foreldra finna måtar og fora der personale og foreldra kan samarbeida om det pedagogiske innhaldet i barnehagen. Dei må ta i mot "med glede" kritikk frå foreldre. Det er innspel og ynskje som er nyttige å kjenna til for barnehagen.

For at borna skal kunna medverka, må det vere god kommunikasjon mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldre. Rammeplanen s.14

Barnehagen må vera open for det foreldra ventar og ventar og ønskjer både som enkeltpersonar og gruppe. Rammeplanen s. 15

❖ **Foreldra kjenner til korleis borna får medverka i barnehagen**

Den gode responsen etter foreldremøtet om medverknad, bør barnehagen merka seg og overføra til andre område i barnehagearbeidet.

Personalet har ansvar for å gi foreldra nødvendig informasjon om og grunngjeving for barnehageverksemda og invitera foreldra til medverknad og samarbeid. Rammeplanen s. 15

❖ **Foreldra snakkar med borna sine om korleis borna får medverka i barnehagen**

Personalet seier at dei veit ikkje så mykje om det. Foreldra sa at det er lettare å snakka med borna om dei gir seg tid til å sjå det som skjer i barnehagen.

Personalet har ei rolle i å hjelpa foreldra til å sjå kva som føregår i barnehagen, dagleg og periodisk. Korleis dei vil gjera det, må drøftast med foreldra.

❖ **Foreldra ser at det er samsvar mellom barnehagen sine planar om medverknad og det som skjer i praksis**

Foreldra ynskjer meir utfyllande vekeplanar og månadsplanar som betre synleggjer det pedagogiske innhaldet. "Det gjer ikkje noko om dei endrar på planane om det gjer at aktiviteten vert betre"

Personalet må reflektera over og ha bevisstheit om kva dei vel å formidla om "dagen i dag" (på tavlene og ved henting) og i månadsbrev.

Kriterium 4: **Organisasjonen**

Barnehagen er ein lærande organisasjon

"Ein lærande organisasjon er ein organisasjon som er god til å skapa, tileigna seg og overføra/formidla kunnskap, og til å forandra si åtferd slik at den reflekterer ny kunnskap og innsikt." Garvin. Årsplan for Røldal barnehage 2010-2011

❖ Personalet brukar tid på å bevisstgjera og diskutera ulike syn på born og læring/utvikling

Det synest som at dei ikkje gjer dette systematisk. Dei brukar og er gode på å arbeida i prosjekt. Dei bør setja fokus og på og bli medvitne på kva det er med denne arbeidsforma som fremjar læringsprosessar hjå borna. *"Me har ikkje snakka spesielt om prosjekt som arbeids- og læringsform"*.

❖ Personalet reflekterer over retten til individuelle val og fellesskapet sine behov

Reflekter over muligheiter på tvers av avdelingane.

❖ Personalet har system for at alle borna får medverka

Barnehagen har system på "tilbodssida", men mindre korleis borna gjennom faste plikter får bidra og vera av betydning. Sjå pkt. Borna hjelper til og har ansvar ut frå alder.

❖ Personalet har høve til å drøfta medverknad i større fora saman med personalet i andre barnehagar

Dei har fått noko kursing og innspel, men saknar drøfting av forståing og praktisering av medverknad. Dette bør leiinga av barnehagen ta tak i, og ta personalet med inn i fora der dei kan gjera dette saman med personale i andre barnehagar.



Elles vil me berre sei....

- ☺ Supert i bli møtt med born som me kunne kalla med namn! Det gjorde at me raskt fekk god kontakt med dei
- ☺ Ein fargerik og triveleg barnehage
- ☺ Positivt og engasjert personale
- ☺ Ein barnehage som er tydeleg forankra i Rammeplanen, og viser det i praksis!

7. Vidare arbeid



6 månadar etter barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagesjef/barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

 Stad, dato

 Namn vurderar

 Namn vurderar

Vedlegg 1 - Deltakarar i vurderinga

- Interne: personalet i barnehagen, borna og foreldra
- Eksterne: Ingen

Med dette vurderingstema har det ikkje vore relevant å bruka eksterne deltakarar

Vedlegg 2 - Tidsbruk

Det har vore avsett 4 dagar til å vurdera i barnehagen. Planlegging av og avklaringar rundt vurderinga har vore mellom vurderarane og styrar, per telefon og e-post. Under sjølve vurderinga, var vurderarane i barnehagen i tre dagar. Barnehagen fekk rapporten den fjerde dagen. I førekant og undervegs førebudde vurderarane informasjon, metodar, verkty og informerte og oppsummerte. Styrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på tre dagar er knapp tid, og innebar ei avgrensing av vurderinga.

Vedlegg 3 - Tidsplan

TIDSPLAN - prosessen før vurderingsveka Røldal barnehage, veke 10, 7.-10. mars 2011

| Dato/veke | Tid | Aktivitet | Ansvar |
|---|-----|---|-------------|
| Juni 2010 | | Telefonkontakt med barnehagen som skal ha vurdering: informasjon om metoden, ståstadsanalysen og vurderingsprosessen | Vurderarane |
| 2.juli | | Informasjon til barnehagen via e-post, ståstadsanalysen og vurderingsprosessen: <ol style="list-style-type: none"> 1. om ståstadsanalysen (sett av 1mnd. til arb.) 2. oppgåver og ansvar knytt til ekstern vurdering 3. tidsplan – prosessen før vurderingsveka | Vurderarane |
| | | Vurderinga vart i mellomtida utsett frå v.44 2010 til v. 10 2011 | |
| Jan. 2011 | | Barnehagen arbeider med ståstadsanalysen og vel vurderingsområde | Styrrar |
| Veke 3 | | Send: ståstadsanalyse, vurderingstema og dokument til vurderarane | Styrrar |
| Veke 4-5 | | Laga glansbilde | Vurderarane |
| 31.01, v.5 | | Send glansbilde til barnehagen v/styrrar, og tidsplan før og under vurderingsveka | Vurderarane |
| v.6, seinast fredag 11.02, på e-post | | Styrrar diskuterer glansbildeframlegget med personalgruppa og returnerer innspel, kommentarar eller gir ei godkjenning av glansbildet. Eventuelle innspel til tidsplanane. | Styrrar |
| v. 7: måndag14.2. | | Til barnehagen: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Endeleg glansbilete. ▪ Innkalling til foreldremøte ▪ Presentasjon med bilete av vurderarane til borna/personalet ▪ Info til barnehagen korleis dei skal førebu borna på intervju Senda dette til barnehagen | Vurderarane |
| v. 7-9 | | Laga: <ul style="list-style-type: none"> ▪ intervjuguidar ▪ eventuelt justera tidsplan for vurderingsveka ▪ rapport-mal, intern og ekstern ▪ laga mal for power-point presentasjon av rapport | Vurderarane |
| V. 8 | | Senda ut innkalling foreldremøte og personalmøte | Styrrar |
| v. 9 | | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Førebu barnegruppene på ekstern vurdering og intervju. ▪ Setja av tid og rom til det som skal skje i vurderingsveka. Rom til intervju av born og personale. Rom der vurderarane kan arbeida medan dei er i barnehagen. Informasjon til vurderarane: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Korte fakta om barnehagen som skal inn i vurderingsrapporten (skriftleg) ▪ Foto av barnehagen til rapporten si framside | Styrrar |
| Måndag 7.mars | | Vurderarane kjem til barnehagen | Vurderarane |

TIDSPLAN under vurderingsveka av Røldal barnehage, Odda

| Vurderingsveke: 10 | | | |
|---------------------|--|---|--------------------|
| Sundag 06.03.11 | Ca 19.00 | <ul style="list-style-type: none"> ❖ Frammøte på Hordatun Gård ❖ Gjennomgang og finpuss | Solgunn og Margunn |
| Måndag 07.03.11 | 8.30 9.15-10.45 12.30-13.30 19.00 | <ul style="list-style-type: none"> ❖ Briefing med styrar ❖ Delta på avdelingsmøta, og dermed presentasjon av vurderarane og arbeidsmåtane for personalet ❖ Delta i samlingsstund for borna på Jasen, som førebuing til intervju neste dag ❖ Måltid saman med Jasen ❖ Intervju med pedagogane ❖ Oppsummering av dagen med styrar ❖ Tillaging til foreldremøte ❖ Foreldremøte ❖ Lesa referat frå barnemøte | |
| Tysdag 08. 03.11 | 8.30 9.00-11.00 12.00-14.00 | <ul style="list-style-type: none"> ❖ Frammøte i barnehagen, og briefing med styrar etter foreldremøte ❖ Barneintervju, 3-4 intervju ❖ Eta med Jupog og Jasen ❖ Barneintervju, 3-4 intervju ❖ Observasjon ute ❖ Oppsummering av dagen med styrar | |
| Onsdag 09.03.11 | 8.00 | <ul style="list-style-type: none"> ❖ Observasjon på avdelingane ❖ Intervju med assistentar/fagarbeidarar ❖ Intervju av styrar ❖ Eta med Jupog og Jasen ❖ Observasjon ute og inne ❖ Oppsummering av dagen med styrar ❖ Etterarbeid og rapport | |
| Torsdag 10.03-11 | 8.00 15.00 16.30-17.30 | <ul style="list-style-type: none"> ❖ Rapportskriving ❖ Møte med styrar. Overlevering av rapport ❖ Personalmøte, med barnehageeigar til stades. | Vurderarane |
| Innan 10.09.2011 | | <ul style="list-style-type: none"> ❖ Rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen vil arbeida med utviklingsområda ❖ Orientering til det politiske fagutvalet | Barnehagestyrar |

Vedlegg 4 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, henta vurderarane inn data frå fleire kjelder (kjeldetriangulering). Informantane var det vurderarane som plukka ut. Dei ønskte å møta og intervju 5-åringar og eventuelt 4-åringar, føresette i barnehagen og personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Me gjennomførte også observasjonar av barn og tilsette i barnehagen i naturlege situasjonar, og av fysisk miljø.

For å styrka kvaliteten på dei data me fann, nytta me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tok vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: observasjon, intervju, samtale, foreldremøte og dokumentanalyse.

Dokument- og resultatanalyse

På førehand, etter at barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sende barnehagen relevante dokument til vurderarane. Dette var Ståstadsanalyse, årsplan, plan for overgang barnehage - skule halvtårsplan, månadsplanar, vekeplanar, resultat av medarbeidarundersøking 2009.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde så forslag til eit glansbilde med kriterium og teikn på god praksis. Utgangspunktet for kriteria er henta i Rammeplan for barnehage -06, Lov om barnehagen med forskrift og barnehagen sine egne planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse utan endringar

Førebu barna

For å førebu barna på det som skulle skje sende vurderarane ein presentasjon av seg sjølve til barnehagen før vurderinga, og informasjon til barnehagen om korleis dei skulle førebu borna på intervju.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, føresette, assistentar/fagarbeidarar, pedagogar og styrar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga vart foreldra inviterte til eit møte med vurderarane.

Møte med styrar

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no-situasjon og for vidare arbeid. Styrar fekk daglege rapportar om status i vurderingsarbeidet.

Observasjon

Me observerte i kvardagssituasjonar inne og ute.

Vedlegg 5

Dette sa barna

Utval av born: 3 gutar og 4 jenter i alderen 5 og 6 år

Kriterium

Borna erfarar at vala og handlingane deira påverkar kvardagen i barnehagen

Dette er hovudkriterium for det me ville spørja borna om

| | |
|--|--|
| Borna fortel om det dei gjer i barnehagen Me har høyrte at de har barnemøte her i barnehagen? Fortel om barnemøte: Støtte; Kvar er møtet, kven er med Kva gjer du, dei andre, dei vaksne Korleis har du det på barnemøte Kva syns du om barnemøta | |
| Kva er landskapskunst (landart) : * Fortel | |
| Kva er prosjekt Kaptein Sabeltann Fortel | |
| Borna hjelper til og har ansvar ut frå alder Fortel kva du gjer når du hjelper til i barnehagen Kven hjelper du | |
| Borna tek del i planlegging og vurdering saman med dei vaksne Kva er planlegging? Kven er med og planlegg Kven bestemmer til slutt? Du fortalde kva du synst om barnemøte,.... Har du sagt det til dei vaksne Nei? Kva gjer at du ikkje fortel Ja! Kva skjer då, kva seier dei vaksne då | |
| Borna sine kreative uttrykk vert verdsette og synleggjorte | |

| | |
|--|--|
| Når du har teikna eller laga noko i barnehagen, kva gjer du med det? Kva gjer dei vaksne? Likar du det slik? | |
| Borna kan på ulike måtar velja aktivitetar Fortel kva du likar aller best å gjera i barnehagen Støtte: Inne Ute Om vinteren Om sommaren Eg såg at du gjorde.... eg hørde at du sa... | |

Eventuelle tilleggsspørsmål:

Kriterium

Personalet legg aktivt til rette for at borna får medverka i kvardagen

| | |
|---|---|
| Personalet lyttar aktivt og støttar borna når dei fortel <i>Kva gjer dei vaksne når du vil fortelja dei noko</i> | • |
| Personalet tek imot borna sine uttrykk for kjensler med openheit og respekt <i>Kva gjer dei vaksne når du er glad, sint, lei deg, redd</i> | • |
| Det fysiske miljøet inne og ute fremmar borna sin medverknad med variert og lett tilgjengeleg utstyr og materiell <i>Kva gjer du når du treng noko å leika med</i> | • |
| Borna sine uttrykk og initiativ syner att i personalet sine planar <i>Kven er det som bestemmer i barnehagen? Kva er det borna bestemmer Støtte Fortel kva du får lov til å gjera Kva er det du ikkje får lov til å gjera?</i> | • |
| Foreldra: Foreldra er trygge på at borna deira vert sett og respekterte, og at dei får delta i ein fellesskap som | • |

| | |
|---|--|
| <p>gjerd dei godt.</p> <ul style="list-style-type: none">❖ Kva fortel du heime om korleis det er i barnehagen❖ Foreldra snakkar med borna sine om korleis borna får medverka i barnehagen <p><i>(Rammeplanen, s. 15)</i></p> | |
|---|--|

Vedlegg 6

Dette sa foreldra:

| | |
|---|---|
| Set opp punkt som de meiner barnehagen er flink til | • |
| Set opp punkt som de meiner barnehagen kan bli flinkare til | • |
| Set opp punkt som foreldra kan bli flinkare til | • |
| Foreldra er trygge på at borna deira vert sett og respekterte, og at dei får delta i ein fellesskap som gjer dei godt. <i>(Rammeplanen, s. 15)</i> | |
| Foreldra vert involverte i barnehagen sitt pedagogiske arbeid | • |
| Foreldra kjenner til korleis borna får medverka i barnehagen | • |
| Foreldra snakkar med borna sine om korleis borna får medverka i barnehagen | • |
| Foreldra ser at det er samsvar mellom barnehagen sine planar om medverknad og det som skjer i praksis | • |
| Det fysiske miljøet inne og ute fremmar borna sin medverknad med variert og lett tilgjengeleg utstyr og materiell | • |

Vedlegg 7

Dette sa dei tilsette

Kriterium:

Personalet legg aktivt til rette for at borna får medverka i kvardagen

Teikn på god praksis:

| | |
|---|---|
| Personalet lyttar aktivt og støttar borna når dei fortel | • |
| Personalet tek imot borna sine uttrykk for kjensler med openheit og respekt | • |
| Det fysiske miljøet inne og ute fremmar borna sin medverknad med variert og lett tilgjengeleg utstyr og materiell | • |
| Borna sine uttrykk og initiativ syner att i personalet sine planar | • |

Kriterium:

Borna erfarar at vala og handlingane deira påverkar kvardagen i barnehagen

Teikn på god praksis:

| | |
|--|---|
| Borna fortel om det dei gjer i barnehagen | • |
| Borna hjelper til og har ansvar ut frå alder | |
| Borna tek del i planlegging og vurdering saman med | • |

| | |
|--|---|
| dei vaksne | |
| Borna kan på ulike måtar velja aktivitetar | • |
| Borna sine kreative uttrykk vert verdsette og synleggjorte | • |

Kriterium:

Foreldra er trygge på at borna deira vert sett og respekterte, og at dei får delta i ein fellesskap som gjer dei godt.

Teikn på god praksis:

| | |
|---|---|
| Foreldra vert involverte i barnehagen sitt pedagogiske arbeid | • |
| Foreldra kjenner til korleis borna får medverka i barnehagen | |
| Foreldra snakkar med borna sine om korleis borna får medverka i barnehagen | • |
| Foreldra ser at det er samsvar mellom barnehagen sine planar om medverknad og det som skjer i praksis | • |

Kriterium:

Barnehagen er ein lærande organisasjon

Teikn på god praksis:

| | |
|--|---|
| Personalet brukar tid på å bevisstgjera og diskutera ulike syn på born og læring/utvikling | • |
| Personalet drøftar på | • |

| | |
|---|---|
| kva område det er relevant at borna skal ha medverknad | |
| Personalet reflekterer over retten til individuelle val og fellesskapet sine behov | • |
| Personalet har system for at alle borna får medverka | • |
| Personalet har høve til å drøfta medverknad i større fora saman med personalet i andre barnehagar | • |

Vedlegg 8 – Observasjonar

Observasjonspunkt:

Tema for vurderinga: :Personalet har ei aktiv rolle i borna sin medverknad

Førebuing:

1. Teikna i observasjonsskjemaet er dei same som i glansbiletet (dei som er relevante å observera)
2. Skriv ned situasjonar der dette kan observerast

Teikn:

situasjon å observera i

| | |
|---|---|
| <i>Personalet lyttar aktivt og støttar borna når dei fortel</i> | samspel, samtalar, i møte der borna deltek |
| • | |
| <i>Personalet tek imot borna sine uttrykk for kjensler med openheit og respekt</i> | Samspel, tema i møte, samtalar |
| • | |
| <i>Det fysiske miljøet inne og ute fremmar borna sin medverknad med variert og lett tilgjengeleg utstyr og materiell</i> | Samspel, tema i møte, samtalar, leik, aktivitet, sett ute og inne |
| Observert: | |
| • | |
| <i>Borna sine uttrykk og initiativ syner att i personalet sine planar</i> | Veke og månadsplanar, tema på møte |
| Observert: | |
| • | |
| <i>Borna fortel om det dei gjer i barnehagen</i> | samtalar, lytta til det borna seier |
| Observert: | |
| • | |
| <i>Borna hjelper til og har ansvar ut frå alder</i> | Samspel, rutinesituasjonar |
| Observert: | |
| • | |
| <i>Borna tek del i planlegging og vurdering saman med dei vaksne</i> | Samlingsstunder, høyrte i samtalar |
| Observert: | |
| • | |
| <i>Borna kan på ulike måtar velja aktivitetar</i> | Leik og aktivitetar, ute og inne, samlingar |
| Observert: | |
| • | |
| <i>Borna sine kreative uttrykk vert verdsette og synleggjorte</i> | Utstillingar, samtalar, samspel |
| Observert: | |
| • | |
| <i>Personalet brukar tid på å bevisstgjera og diskutera ulike syn på born og</i> | møte |

| | |
|--|---|
| <i>læring/utvikling</i> | |
| Observert: | |
| • | |
| <i>Personalet drøftar på kva område det er relevant at borna skal ha medverknad</i> | Møte, samtalar i personalgruppa |
| Observert: | |
| • | |
| <i>Personalet reflekterer over retten til individuelle val og fellesskapet sine behov</i> | Møte, samtalar i personalgruppa |
| Observert: | |
| • | |
| <i>Personalet har system for at alle borna får medverka</i> | Planar, lister, samlingstunder, plan for barnemøte og barneintervju |
| Observert: | |
| • | |